



Prosjektstyring Vest AS

Referanser:

Dykkar: Arne Kristiansen  
Vår: 15/975 - 15/8916

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

13.05.2015

## Møtereferat - Frådeling av parsell frå eigedom 22/218

Det vart 28.4.2015 halde møte på vårt kontor for å drøfte frådeling av parsell til næring/industri/lager i Mjåtveit Næringspark.

### Desse møtte:

Arne Kristiansen	- frå Prosjektstyring Vest AS
Ronny Laastad	- frå Helgesen Tekniske Bygg AS
Roger Helgesen	- frå Helgesen Tekniske Bygg AS
Geir Henning Nygård	- frå Anlegg og Industriteknikk AS
Anne-Lise Olsen	- frå Meland kommune, Planavdelinga (referent)

Administrasjonen ved plankontoret bad om møte for å drøfte saka, dette fordi søknaden ikkje var i samsvar med illustrasjonsplanen som er laga for reguleringsplan Mjåtveit Næringsområde.

### Drøfting av frådelingssøknaden:

Administrasjonen meinte at søknaden slik den låg føre, kunne medføre vanskar for gjennomføring av området. Dette fordi søknaden ikkje syner korleis ein tenkjer seg at resterande areal skal nyttast. Dette gjeld både tilkomst til, og korleis nye parsellar skal verte. Administrasjonen meinte at det var viktig å tenkje heilheit slik at ein ikkje møter store vanskar ved seinare utvikling av området. Dette gjeld særleg tilkomstar og infrastruktur, men også form og storleik på resterande område.

Administrasjonen var bekymra for om ein ville få til gode løysingar for resterande areal dersom ein skulle dele parsellen slik det her var omsøkt, og ville drøfte om søkjær kunne tenkje seg ei løysing meir i tråd med eksisterande illustrasjonsplan. Dette særleg for å ivareta gode felles løysingar for tilkomst, både for omsøkt parsell og for resterande areal, men og for å ivareta kvalitet på form og storleik for framtidige parsellar.

Prosjektstyring Vest AS meinte at ein ikkje kunne binde seg opp til illustrasjonsplanen som låg føre, og at ulike bedrifter hadde ulike interesser m.o.t. form, tilkomst og storleik mm. Dei var opptatt av at fleksibilitet slik at dei kunne tilby kjøparar i stor grad det dei ønska. Dei meinte elles det ikkje ville verte noko problem å få nytta resterande areal på ein god måte, og det var i deira eiga interesse at området vart utvikla på ein god måte. Dette ville dei såleis ivareta i framtida.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Anlegg og Industriteknikk AS hadde brukt mykje tid i lag med konsulent for å finne ei god løysing for bedrifta si. Dei har kjøpt omsøkt parsell og vil byggje allereie planlagde bygningar på denne. Dei meinte at dei ikkje kan få til ei god drift dersom parsellen vart smalare, og opplyste om at dei har avtale om å kjøpe meir areal mot aust dersom det vert nødvendig å utvide. Dei hadde behov for 2 avkjøringar for å kunne køyre rundt med stor bil, og dei hadde trøng for å kunne stengje av eigedommen.

Dei meinte det for dei vil verte uheldig å byggje veg i samsvar med illustrasjonsplanen, dette fordi det vil øydeleggje for deira mogelege og ev. framtidige utviding. Dei ønska heller ikkje å strekkje parsellen lengre mot sør. Dei vil kjøpe tomt som avtala. Dersom det ikkje gjekk, såg dei seg nøydde til å sjå etter areal ein annan stad.

Helgesen Tekniske Bygg AS meinte det generelt var viktig å tenkje heilheit under planlegging og var til dels enige med kommunen, men dei meinte at det var vanskeleg å binde seg opp til ein illustrasjonsplan i næringsområder generelt. Dette fordi det er vanskeleg å forutsjå dei ulike behova som kunne verte aktuelle.

Dei meinte at denne bedrifta ikkje var tent med ein felles veg, og at behovet for å kunne låse av området ved stenging av portar var vesentleg for Anlegg og Industriteknikk AS. Det vart såleis til denne eigedommen nødvendig med eigne avkjøringar som kunne nyttast uavhengig av andre. Dei rådde til at søker fekk kjøpe tomt som omsøkt.

**Oppsummering:**

Administrasjonen tok etter dette søker/kjøpar sitt ynskje til etterretning, men var opptatt av at ein i ettertid kunne planleggje meir heilheitleg.

Administrasjonen ønska at ein i framtida har førehandskonferansar tidleg i prosessen for å få til så gode løysingar som mogeleg for planområdet.

Prosjektstyring Vest AS var i stor grad enige i at det kunne vere lurt, og Mjåtvæit Næringspark vil ta kontakt for avklaringsmøter ved nye tomter.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Mjåtvæit Næringspark AS  
Anny Bastesen

Grønamyrvegen 2 5353

STRAUME

**Mottakere:**

Prosjektstyring Vest AS

Helgesen Tekniske Bygg AS

Anlegg og Industriteknikk AS

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrandfossen 5281

Kvassnesvegen 33 5914

VALESTRANDSFOSSEN

ISDALSTØ